

Førde, 9.6.2020

Til ungdomen – vil du jobbe i Førde kyrkje/kyrkjelyd?

Er du under 25 år og vil arbeide i Førde kyrkje? Vi har to ledige «prosjekt»-stillingar då nokre av våre unge medarbeidrarar no er ferdige med vidaregåande skule og skal flytte.

Oppgåver:

- Medhjelpar på gudstenester der du les tekstar og hjelper til med praktiske oppgåver (klokkenester) – om lag ein søndag i månaden, noko meir om sommaren.
- Medhjelpar på gudstenester og andre arrangement i kyrkja der du har praktisk ansvar for lys, lyd, rydding, snøbrøyting, litt reinhald o.l. (kyrkjetenar) -om lag ein søndag i månaden, og nokre kveldar ev laurdagar elles.
- Medhjelpar på arrangement for barn og unge som 4-årssamling, Lys vaken, Vakuum-veka, Nattcup og praktisk hjelpar til andre oppgåver relatert til barne- og ungdomsarbeid.
- Om sommaren har vi bruk for sesongarbeidrarar/ferievikarar til praktisk arbeid med plenslått og luking på kyrkjegardane. Dei som blir tilsett som unge medarbeidrarar kan få tilbod om slikt arbeid.

Den som vert tilsett vil få ein arbeidskontrakt for eit år om gangen, på timebasis, og arbeidsmengda vil variere noko gjennom året. Arbeidstidspunkt vert avtalt med kyrkjeverja.

Du vil få nødvendig opplæring.

Du vil bli tilsett i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Du som søker må vere mellom 15 og 25 år og stå som medlem i Den norske kyrkja. Det er positivt dersom du har tatt leiarkurs eller ynskjer å vere med på slike kurs (MILK og LIV).

Som følgje av arbeid med barn og unge vert det kravd politiattest.

Løn etter kyrkja sitt regulativ i lønskode 5228, timeløn frå kr 108, avhengig av alder og ev ansiennitet etter fylte 18 år.

Søknadsfrist 1.8.2020. Tilsetting er planlagt i august.

Kontaktperson: Inger Hageberg Øvrebø, tlf 41694472

Send søknad på epost til inger.ovrebo@sunnfjordkyrkja.no

Du må gjerne skrive i søknaden kva oppgåver du trur du vil trivast best med.